



2., 3., 5., 6., 8., 9., 11., og 12. oktober 2019 i Operahuset Nordfjord



I år feirar vi borna og ungdommane, først med *Fargespel Nordfjord* i april, der 90 born, ungdommar og unge vaksne frå 16 forskjellige lang deltok i eit musikalsk, fargerikt og grensesprengande fyrverkeri på operascena, så med familieoperaen *Hans og Grete*, med 35 born og ungdommar i ballett og kor, som «skal redde verda». Det er i tida no, med klimakamp, kamp mot urettferd og kamp for menneskerettar, og det er dei unge som viser veg. Også i Opera Nordfjord er dei unge framtida. Vi skal utvikle oss som ein distriktsopera for ALLE, både for dei medverkande i kor, dans, orkester og i dugnadsapparatet, og for publikum i alle aldrar.

Kjære publikum

Det er med stor glede vi kan sjå tilbake på 21 år med produksjonar, der barnekor og unge dansarar har hatt ei sentral rolle i produksjonen. Mange av dei unge medverkande har fått inspirasjon og hjelp til å oppdage sine talent og å følge draumen om eit utøvande liv i kunsten og musikken. Vi er stolte over å kunne hente heim nyutdanna musikarar til operaorkesteret, og vi gler oss over musikalstudentar og – artistar som etterkvart tek steget over i dei profesjonelle sine rekker.

Både kulturskulane og grunnskulane i Nordfjord gjer ein framifrå jobb med å oppmuntre til musikalsk utfolding gjennom undervisning og spennande prosjekt, og vi er så heldige å få låne mange av desse talenta og gje dei nye oppgåver i våre produksjonar. Ein spennande canadisk studie frå University of British Colombia viser at skuleelevar som engasjerer seg i musikk, får høgare score i matte, språk og realfag: «Studentane må lære å lese notar, utvikle auge-hand-hjerne-koordinasjon, lytteevne,

samarbeidsevne og disiplin. Alle desse læringserfaringene, og fleire til, spelar ei rolle i å styrke elevane sin kognitive kapasitet, utøvande funksjonar, motivasjon for å lære og mestringssevne». Dette lét som musikk i mine øyre – bokstaveleg tala!

Så ja, vi skal halde fram med å innby dei unge til å medverke i våre produksjonar, i nær og fjern framtid! I *Hans og Grete* skal vi heie på borna og dei gode kreftene, som heldigvis vinn over den slemme heksha til slutt! Så lat oss ta med oss litt av Hans og Grete sitt heltemot i kvardagen i våre eigne «heksekampar» og sørge for at det gode vinn, alltid!

Med ønske om ei varm, morosam, skummel, rørende og vakker operaoppleving,

Kari Standal Pavelich,
operasjef

HANS OG GRETE

Libretto: Adelheid Wette Musikk: Engelbert Humperdinck
Norsk omsetting: Gunnar Bergstrøm

Musikalsk leiar:	Michael Pavelich
Regissør:	Jeff Pedersen
Scenograf/Kostymedesignar:	Åse Hegrenes
Lysdesignar:	Marianne Thallaug Wedset
Regiassistent:	Gareth Taylor
Rekvisitør:	Anndi Daleske Bergset
Koreograf:	Candice Bredesen
Maskør:	Ingunn Shumann Mosand
Tilskjerar/arbeidsleiar kostyme:	Anne Gotaas Caroline Evju
Inspisient:	Sofia Berg
Lysmeister:	Ovar Holmen
Scenemeister:	Kristian Myksvoll Sætren
Repetitørar:	Andreas Løken Taklo Tone Støylen Holgersson

ROLLELISTE:	
Hans	Marika Schultze
Grete	Vibeke Kristensen
Mor Gertrud	Siv Oda Hagerupsen
Far Peter	Trond Halstein Moe
Heksha	David Fielder
Aftenfe/Morgonfe	Elisabeth Gimmestad

Om komponisten Engelbert Humperdinck



Den sju år gamle Engelbert var eit lite vi-
dunderbarn, som spelte piano og skreiv
sine første komposisjonar. Då han var 13 år,
hadde han allereie komponert to synges-
pel. Han var fødd i 1854, same år som Oscar
Wilde, Leos Janacek, Arthur Rimbaud og
Hans Jæger. Alle desse kunstnarane skulle
komme til å pløye ny mark på kvar sine felt,
så også Humperdinck.

18 år gammal fekk han plass på konser-
vatoriet i Köln, og fire år seinare avan-
serte han til München, der han arbeidde
flittig og utvikla seg som komponist. Det
gjeikk så bra at at han vann den aller før-
ste Mendelssohn-prisen som ein lovande
komponist. Prisen, på heile 1500 mark,
gjorde at han kunne reise til Italia. Utanfor
Napoli oppsøkte han Wagner, som då var
i full gang med førebuingane til operaen
Parsifal. Wagner vart imponert over sin
unge kollega, og etter kvart inviterte han

Humperdinck til Bayreuth som sin assistent.
Betre kunne det ikkje bli. Men då Wagner
døydde to år seinare, følgde ei uroleg tid
for Humperdinck, med mange forskjelli-
ge jobbar her og der. Alt endra seg då han
gifta seg, 38 år gammal. Han var allereie i
gong med å komponere *Hans og Grete*, var
dosent ved Musikkakademiet i Frankfurt
og skreiv operaartiklar for prestisjetunge
Frankfurter Zeitung. Ideane sprudla over
hos den talentfulle komponisten, og han
forma den eine velklingande takta etter den
andre. Hans søster, Adelheid Wette, hadde
omarbeidd Brødrene Grimm sitt eventyr til
ein velklingande libretto, som gav rom for
gross og gru, lått og glede, dans og moro.

Vesle Julaften 1893 var det urpremiere
på *Hans og Grete* i det flotte operahuset i
Weimar, og innan få månader var verket
framført på fleire enn 50 andre stader. Det
vart reine operaepedemien! Alle ville sjå og

høyre eventyroperaen, der borna er heltar
og kjempar mot urett og slemme vaksne.
Det var stjernedirententen og komponisten
Richard Strauss som dirigerte premieren og
bidrog til ein fantastisk start for operaen.
Ein ny genre var skapt – **opera for born**.
Handlinga og den lettfattelege, maleriske
musikken var ein uslåeleg kombinasjon. Det
vart straks tradisjon å sette opp operaen når
det nærma seg jul, og tradisjonen held seg
fortsatt. *Hans og Grete* er ein av dei aller
mest spelte operaene gjennom tidene, og
som ein kusrositet kan ein nemne at den al-
ler første operaen som vart kringkasta over
radio, sjølv sagt var *Hans og Grete*, frå Royal
Opera House i London i 1923.

(Omsett til nynorsk etter originaltekst av
Nicolai Riise, Bergen Nasjonale Opera)

Handlinga i Hans og Grete

Akt 1

Hans og Grete er borna til ein fattig kos-
temakar. Dei bur i eit lite hus saman med
faren og mora. Grete strikkar og syng me-
dan ho arbeider. Hans lagar ein kost og kla-
gar over at han er så svolten. Grete fortel
at mora har fått ein mugge med mjølk frå
nabokona, og at ho skal lage risgraut for
dei når ho kjem heim. Hans vert glad og
skal berre smake litt på fløyten som flyt på
toppen av mjølka. Grete skjenner på han og
seier at han bør halde fram med arbeidet.
Hans vil heller danse, noko Grete vert med
på. Under dansen og leiken går muggen
med mjølk i golvet og knuser. Mora kjem
heim og vert sint fordi dei ikkje arbeider
og for at dei har knust muggen. Ho sender
Hans og Grete ut i skogen for å plukke blå-
bær til grauten.

Faren kjem heim og er i godt humør et-
ter ein god dag, der han har fått selt man-
ge kostar. Han overraskar kona med kjøt,
egg, grønsaker og kaffi. Medan dei feirar og
gler seg over all den gode maten, spør fa-
ren etter borna. Mora fortel at ho har sendt
dei ut i skogen for å plukke bær til kvelds.
Faren vert forferda og fortel om den onde
Knaskeheksa, som lokkar born med kaker
og snop, kastar dei i omnen og lagar pepa-
kaker av dei, som ho så et. Dei skundar seg
ut i skogen for å leite etter borna.

Akt 2

Grete lagar ein blomekrans, og Hans pluk-
kar blåbær. Dei høyrer at gauken gjel og tek
til å ete alle bæra. Når dei innser at dei har
ete opp alt, prøver Grete å leite etter meir,
men det er for mørkt. Hans prøver å fin-
ne vegen heim, utan hell. Etter kvart som

skogen mørknar, vert borna redde og synest
dei ser ein person i mørkret. Aftenfeen kjem
fram og seier at ho er glad i dei og at ho skal
hjelpe dei å somne. Grete minner Hans på
å be kveldsbøn, og etter at dei ber saman,
somnar dei. Dei drøymar om 14 englar, som
kjem for å passe på dei.

Akt 3

Morgonfeen vekkjer dei om morgonen,
dryssar dogg på dei og syng om kor deilig
det er i den vakre skogen. Ho forlet Hans og
Grete når dei vaknar. Plutseleg får dei auge
på ei husvogn i skogen, dekkja av godteri og
kaker. Hans tek ein bit av huset, men vert
fanga av den onde Knaskeheksa, som set
han fast på ein klissete marshmallow-vegg
for å feite han opp. Grete vert sett i arbeid
som tenestejente for å ordne mat og rydde
hus. Så bestemmer heksa seg for at det er
på tide å ete Hans og ber Grete om å sjekke
at omnen er varm nok. Grete seier at ho
ikkje kan sjå godt nok og ber heksa om å
sjå sjølv. Då heksa ser inn i omnen, skubbar
Hans heksa, Grete lukkar døra, og heksa
brenn opp.

Rundt Hans og Grete har alle peparkakebor-
na, som tidlegare har blitt fanga av heksa og
gjort om til peparkaker, blitt forvandla til
menneske igjen. Dei søv og kan ikkje røre
seg. Grete rører ved eitt av borna, trolldo-
men er broten, og snart er alle borna vakne
og reiser seg.

Hans og Grete høyrer faren i det fjerne, når
han ropar på dei. Faren og mora kjem ende-
leg og omfamnar Hans og Grete. I mellom-
tida dreg alle borna ut ei kjempepeparkake
frå omnen – det er heksa, som er forvandla

til ei peparkake.

Far, mor, Hans og Grete og alle borna syng
til slutt «For når nøden er som størst, får de
minste hjelp og trøst!»




Foto: David Zadig



Helsing frå regissøren

and an audience will never know what to expect. My idea of magic and angels will be entirely different from another director's and I can choose whatever type of magic I think best tells the story.

That story is a wonderful one. Hans og Grete do not have enough to eat. Their poverty is established by their lack of food, particularly sweets. For Hans og Grete, like with many children, candy = wealth. They are driven into the dark forest to look for berries, and they come across an entire house made of candy. The witch in the house doesn't even eat the candy, she only uses it to capture poor children. So the witch has all the wealth in the land and the common people have none. Hans og Grete of course are lured by the candy and are captured by the witch. Hans is set aside to be her dinner, and Grete is exploited as manual labour. Eventually the children revolt, burning the witch in her own oven, freeing the other poor children, and - after the witch is turned into a giant cake - distribute the wealth to the poor.

In Hans og Grete, the children are both the victims and the heroes. It is the young generation who overthrow the oppressive witch, it is not their parents, nor does a prince arrive to save the day. The children are the heroes of this story.

Our story is about the polarisation of wealth and the overthrow of the powerful by the weak. It is about the triumph of ideals and the power of togetherness. It's about not abandoning your brother to his fate when he's stuck in a wall of marshmallows.

However ambitious my dreams for this production have been, my brilliant cast have stretched themselves to meet and surpass them. The barnekor and the dancers have performed like the heroes they are. Michael Pavelich has built the musical foundation that my direction rests on, and Gareth Taylor, credited as my assistant but who has really been more of a co-director, has been invaluable. Candice Bredesen has made beautiful choreography for our unique interpretation of angels, and working with my design team of Åse Hegrenes, Marianne Thallaug Wedset, Anndi Bergset and Ingunn Schumann Mosand has reminded me of the moment when Grete says to Hans, "have you had the same beautiful dream I had?" Kari Pavelich has supported me in every way, and I especially want to thank Sofia Berg for always being one step ahead of us, keeping everything going smoothly, and doing it all so gracefully.

Jeff Pedersen,
regissør

Hans og Grete takes place in a world of magic and angels - which means that a director has a lot of freedom to interpret that world,

Our version of Hans og Grete is inspired by early 20th century Soviet propaganda.

Kjære operapublikum



Det er med stor glede eg som rektor ved Eid vidaregåande skule kan sjå attende på femten års samarbeid med Opera Nordfjord. Det har utfordra både elevar og tilsette, men har gjeve mange opplevingar som dei seint vil gløyme. Samarbeidet om sceneproduksjon, kulisser og rekvisittar starta med oppsettingane i 2005 i aulaen på Fjordane folkehøgskule, men intensiverte seg når nye Eid vidaregåande skule og Operahuset Nordfjord stod ferdig våren 2009.

Eid vidaregåande skule sitt samarbeid med Opera Nordfjord har også gjort det mogeleg å sette opp ein skulemusikal kvart år, som har hatt høg kvalitet og gleda eit stort publikum.

Vi gler oss til ei flott oppsetting av «Hans og Grete», og eit langt og fruktbart samarbeid også i framtida.

Ove Bjørlo,
rektor

Velkommen til operabygda!



Av og til skjer det noko som endrar eit lokalsamfunn for alltid. Det skjedde her på Nordfjordeid i 1998, då Opera Nordfjord vart stifta og sette opp si fyrste forestilling.

Resten er historie. Ei eventyrleg historie.

Operaeventyret i Nordfjord handlar om samarbeid. Om krafta som ligg i at eit heilt lokalsamfunn, ein heil region, dreg i lag. Frivillige og profesjonelle. Unge og gamle. Og titusenvis av dugnadstimar.

For der folk er saman, der skjer det alltid noko. Og der folk er saman om ei kulturell oppleving, der skjer det ting du knapt kunne drøyme om. Til og med at vi har fått vårt eige Operahus – som i år fyller 10 år.

Å leve midt i eit slikt eventyr gjer noko med oss som bur her. Vi kan trygt seie at å bu i

Nordfjord - det er å bu midt i verda. Og det er å bu ein stad der kunsten og kulturen er tettare innvevd i kvardagen enn nær sagt nokon annan stad.

2019 er det siste året Eid er vertskommune og Sogn og Fjordane vertsfylke for Opera Nordfjord. Det er difor ein særskilt grunn i år til å feire og takke Kari, Michael og alle andre i Opera Nordfjord for det de har bygd opp.

Neste år blir Eid til Stad. Sogn og Fjordane blir til Vestland. Men operaeventyret held fram. Vi gler oss allereie!

Velkomen til Hans og Grete - Eid Inviterer!

Alfred Bjørlo,
ordførar

Medverkande



JEFF PEDERSEN REGISSØR

Jeff Pedersen er ein amerikansk skodespelar og regissør som flytta til Noreg i 2011. Han driv sitt eige teaterproduksjonsselskap, Jeff Pedersen Produksjonar, og har nyleg sett opp *Det Gule Tapetet* på Harastølen og *Staveneset.Krig* i ei hule på Staveneset. Han har hatt regi på *Nasjonal Prøve*, *Julekrybba* og *Kinnaspelet* hos Sogn og Fjordane Teater og *Herr Kurz og damene* hos Aldateateret. I fjor hadde han ein uventa operadebut då han hoppa inn som skodespelar i rolla som Rodolfo i *La Bohème* for Opera Nordfjord, og han gler seg veldig til å komme tilbake som regissør for *Hans og Grete*. Som skodespelar har han arbeidd i England og Amerika, med bl.a. Kevin Spacey, Stephen Fry, Tom Hanks, Meg Ryan og Mark Rylance. Han har tidlegare undervist i skodespelteknikk ved Bårdar Akademiet, Arts Ed (i London), og på tv-serien *Top Model UK*. Jeff er også utdanna scenekampinstruktør og har koreografert mange teaterstykke, filmar, videospel og operaer, m.a. *Søner av Sola* her i Nordfjord.

MICHAEL PAVELICH DIRIGENT

Michael Pavelich er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord og er utdanna songar og dirigent ved The University of Michigan. Han var ein av initiativtakarane til Opera Nordfjord, og sidan 2000 har han hatt den musikalske leiinga i samtlige produksjonar, m.a. *La Bohème*, *Figaros bryllup*, *Tosca*, *Rigoletto*, *Eugene Onegin*, *Carmen*, *Tryllefloyten*, *Madama Butterfly*, *I Puritani* (*Søner av sola*) og *Sildagapet*. Våren 2009 sette han opp konsertversjonen og verdspremieren av operaen *Tyrving* av Johannes Haarklou under opninga av Operahuset Nordfjord. Pavelich har hatt dirigentoppdrag for m.a. Oslo Operafestival, Flagstadfestivalen, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen og Sogn og Fjordane Symfoniorkester. Sidan 2006 har han hatt det kunstnariske og musikalske ansvaret for dei årlege skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule. Michael har hatt regi på *Madama Butterfly*, *Søner av sola* og familieproduksjonane *The Sound of Music* og *Du er god, du*, *Charlie Brown* og *Annie*, der han forøvrig også song rolla som Daddy Warbucks.



ÅSE HEGRENES SCENOGRAF/KOSTYMEDESIGNAR

Åse Hegrenes er utdanna scenograf ved Den Nordiska Scenografiskolan i Finland og Sverige (1989). Ho har arbeidd som scenograf og kostymedesignar ved dei fleste norske teater, og også i utlandet, mellom anna; Theater Asmara i Eritrea, Lilläteatern Helsingfors, Svenska Teatern Helsingfors, Wasa Teater Wasa, Nationaltheatret, Riksteatret, Oslo Nye Teater, Den Nationale scene, Rogaland Teater, Sogn og Fjordane teater, Opera Agder, Opera Kristiansund, Beivaas teater, Teater Ibsen, Agder Teater, Trøndelag teater. Åse har samarbeida om 140 produksjonar frå stort til mindre stort format, og har motteke Scandinaviaprisen for *Dødsvariasjonar* ved Nationaltheateret, Norske teaterlederspris for *Hellemysfolk* ved Den Nationale scene og Hedda-prisen for *Saman skal vi leve* for Sogn og Fjordane Teater.

MARIANNE THALLAUG WEDSET LYSDESIGNAR

Marianne vart utdanna lysdesignar ved California Institute of the Arts i 1990, men ho har arbeidd med lys sidan 1979. Hennes erfaring som lysdesignar omfattar dei fleste sjangrar og arenaer innan scenekunst. Ho har gjort lysdesign for alt frå teater i parkane i Stockholm og utescener i Burkina Faso til konsertar og forestillingar i Nidarosdomen og figurteater i Lofoten. Ho har turnert frå Colombia via India til Kina, gjort lysdesign med frie grupper og privatteater i Stockholm via Barcelona til Los Angeles, frå Ibsen og Tchekhov på Nationaltheatret i Oslo og Dramaten i Stockholm til kontemporær isdans i Hangzhou, Kina. Ho har hatt æra av å arbeide med opera ved det legendariske Drottningholm Slottsteater, der ho var lysmeister og designar i ti år. Marianne har dei seinare åra også undervist i teater- og lysdesign og er busett i Lofoten.



CANDICE BREDESEN KOREOGRAF

Candice kjem frå England og har vore ballettpedagog ved Eid Ballettskule sidan ho starta den i 2005. Ho har si utdanning frå The Royal Ballet School og Hammond School of Dance and Education og har vunne ei rekkje prisar både som dansar og koreograf, m.a. har ho to gongar vunne koreografiprisen for *The Dancing Times Challenge*. Candice har vore koreograf for alle skulemusikalane ved Eid VGS og for fleire operaer og musikalar for Opera Nordfjord, m.a. *Carmen*, *Hertuginna av Chicago*, *Jegerbruden*, *Eugene Onegin*, *Søner av sola*, *The Sound of Music*, *Annie* og for balletten *Nøtteknekkaren* i 2013, som hadde stor suksess. Ho er til dagleg danselærer i Kulturskulen i Eid.

INGUNN SCHUMANN MOSAND MASKØR

Ingunn Schumann Mosand vart utdanna frisør i 2010 og maskør- og parykkmakar med sveinnebrev frå Den Norske Opera og Ballett i 2012. Ho arbeidde ved Den Norske Opera & Ballett til 2013, og frå 2013 til 2015 var ho tilsett som maskør og parykkmakar ved Kungliga Operan i Stockholm. I 2015 vart ho tilsett ved Nationaltheatret, der ho har vore maskør på *Karsten og Petra – alle vil ha en bestevenn*, *Den stundesløse*, *Reisen til julestjernen*, *Noëltalgi 2175* og *Marispelet* i 2013 og 2017. Ingunn hadde maskeansvar for *La Bohème* hos oss i fjor.



ANNDI BERGSET REKVISITØR

Anndi Bergset kjem opprinnelig frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg i seks år saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, driv ho klesbutikken Xtra Lekker i Stryn.





GARETH TAYLOR REGIASSISTENT

Gareth kjem frå England og er frilans skodespelar og “movement director” og tilsett som Head of Movement ved ALRA Drama School i London. Han er utdanna ved Guildford School of Acting i England og studerte ved den prestisjetunge teaterskulen Jacques Lecoq i Paris. Etter at han flytta heim til London, har han arbeidd ved nokre av dei raskast veksande teaterselskapa i Storbritannia, som t.d. Punchdrunk, Slung Low, Wildcard, Rough Fiction and Curious directive. Ved sistnemnde er han Creative Associate og dobbel Fringe First winner ved Edinburgh Fringe. Gareth er også ein performance capture artist. Nylege oppdrag for film omfattar *Pan*, *Spectre*, *Exodus*, *Pirates of the Caribbean*, *John Carter of Mars* og *Total Recall*. Han har medverka på over 40 videospel, mellom anna *Harry Potter*-serien, der han spelar fleire karakterar, frå Voldemort til Dobby. Gareth har arbeidd saman med Jeff Pedersen i mange produksjonar i Noreg, som han ser på som sitt andre heimland.

SOFIA BERG INSPISIENT

Sofia er oppvaksen på Nordfjordeid og var første gong bak scena og hjalp til på Opera Nordfjord si oppsetting av *Jegerbruden* i 2007. Sidan den gang har ho vore med som assistent på fleire av Opera Nordfjord sine oppsettingar. I 2010 hostpiterte ho i Bjørvika på operaen *Tannhäuser* med regi av Stefan Herheim. Sofia har studert Musikkvitskap på Universitetet i Oslo og vore aktiv i to år på studentforeninga Teater Neuf. Ho arbeider no som frilans-inspisient og har hatt oppdrag for Den Norske Opera og Ballett, Ringsakeroperaen, Operaen i Kristiansund, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, Hjertnes kulturhus i Sandefjord, Oslo Teatersenter, Kunsthøgskulen i Oslo, Bremanger kulturlag og Elskhug og Eksis.



MARIKA SCHULTZE (HANS) MEZZOSOPRAN

Marika Schultze kjem frå Göteborg og har nettopp tatt sin master i opera ved Kunsthøgskolen i Oslo, med prof. Mona Julsrud som lærar. Tidlegare har ho studert ved Norges Musikkhøgskole, med prof. Barbro Marklund som lærar, ved Högskolan för Scen och Musik i Göteborg samt Nordiska Teaterskolan i Kungälv. Marika har med KHiO og NMH sunge fleire gongar på Den Norske Opera (scene 2), seinast i rolla som Hans i *Hans og Grete* saman med Kringkastingsorkesteret, og tidlegare som Marcellina i *Figaros bryllup* av Mozart samt Regissøren i *Lyden av Mozart*. Som masterprosjekt gjorde ho rolla som Sesto i *Giulio Cesare* av Händel og har også gjort Nancy i *Albert Herring* av Britten, Anna i *De syv dødssyndene* av Weill og Dorabella i *Così fan tutte* av Mozart. I fjor medverka ho i *rûah* med kompaniet Texte und Töne (Sveits), og med Oscarsborgsoperaen har ho sunge i *Madama Butterfly*, *Carmina Burana* og *Aida* som korist.



VIBEKE KRISTENSEN (GRETE) SOPRAN

Vibeke Kristensen er utdanna ved Norges musikkhøgskole og Opera-akademiet i København. Ho debuterte på Det kongelige teater i København i 2004 og har sidan debuten hatt fleire gjesteroller der. I Noreg fekk ho sin debut med Ännchen i *Jegerbruden* med Opera Nordfjord i 2006. Ho har gjesta Opera Nordfjord fleire gongar seinare i roller som Adele i *Flaggermusen*, Frasquita i *Carmen* og 1. dame i *Tryllefloyten*. Vibeke har sunge på dei fleste operascener i Danmark og Noreg og blei i Danmark kåra som Årets operasanger av det danske musikktidsskriftet ASCOLTA i 2013. Neste opptreden i Noreg er i *Peter Grimes* av Benjamin Britten med Bergen Nasjonale Opera i november 2019.



SIV ODA HAGERUPSEN (MOR GERTRUD) MEZZOSOPRAN

Siv Oda har si utdanning frå Nordnorsk Musikkonservatorium og Statens Operahøgskole. I 1999 var Siv Oda ein av finalistane i den nasjonale delen av Dronning Sonjas Musikkonkurranse, og same år debuterte ho på Den Norske Opera i rolla som 3. Dame i *Tryllefloyten* av Mozart. Vidare engasjement ved Den Norske Opera omfattar rolla som Mercédès i *Carmen*, Nicklausse/Musen/Stemmen i *Hoffmanns Eventyr*, Marcellina, og seinare Cherubino i *Figaros Bryllup*. Ho er også ein av solistane på DNOs CD-produksjon *Hjem til Jul*. Siv Oda har hatt solistroller ved alle dei ulike region- og distriktsoperaene i Noreg og har vore engasjert som solist med alle dei leiande orkestra i landet. Ho har også gjesta L'Opéra de Montréal i Canada som solist ved ein gallakonsert med verk av Verdi. Sommaren 2017 gjesta ho Opera på Skåret i Sverige som Suzuki i *Madama Butterfly*, og i fjor sommar returnerte ho dit og hadde stor suksess som Eboli i *Don Carlo* av Verdi.



TROND HALSTEIN MOE (FAR PETER) BARYTON

Trond Halstein Moe vann den prestisjefylte Belvederekonkurransen i Wien i 1987 og etablerte seg som ein av Noreg sine leiande opera- og konsertsongarar. Han var tilsett som fast solist ved Den Norske Opera frå 1988 til 2010 og har gjort nærmare 80 roller. Hans mange opptredener inkluderer: Scarpia i *Tosca* på statsoperaen i Stuttgart og Beograd, Telramund i *Lohengrin* ved operaen i Essen, Holländer i *Der fliegende Holländer* i Sevilla, hovudrolla i *Circus Terra* ved statsoperaen i Praha, Der Musiklehrer i *Ariadne auf Naxos* i Santiago di Compostela, Wotan i *Das Rheingold* i Madrid, baryton-rolla i *El Niño* av John Adams ved operaen i Malmö, Germont i *La Traviata* ved statsoperaen i Hannover og Pizarro i *Fidelio* i ein produksjon på Robben Island i Sør-Afrika i høve feiringa av 10 års-jubiléet for oppløysinga av Apartheid. I 2018 turnerte han med Den Jyske Opera i heile Danmark og song rolla som Germont i *La Traviata* med alle dei profesjonelle symfoniorkestra i Danmark.

DAVID FIELDER (HEKSA) TENOR

David er utdanna ved UNT, Texas, Griegakademiet, Bergen og Operahøgskolen i Oslo. Etter studiane arbeidde han som frilanssongar i Noreg i eit par år, før han fekk engasjement som solist ved Mainfrankentheater i Würzburg, Tyskland, i 2004-2009. Mellom 2009 og 2011 var han engasjert som solist ved Den Norske Opera og Ballett. David har framført nærmare 60 roller innan opera, operette og musikal i Noreg, USA og Tyskland, i tillegg til utallige konsertframføringar i ulike sjangrar. Med Femte Rad Produksjoner SA produserte David nyskriven opera for ungdom i samarbeid med DKS, Oslo og DNO&B. Frå hausten 2016 har David vore tilsett som førsteamanuensis ved Musikkteaterhøgskolen i Oslo, som nettopp er blitt ein del av Høgskolen Kristiania. David er fast medlem av *Tenorane* og *Steffen Horn* og *Reza e i ragazzi*. Rolla som Heksa i *Hans og Grete* er ei kjend rolle for David; han gjorde rolla ved Operahøgskolen i 1999 og ved Mainfrankentheater i 2009.





ELISABETH GIMVESTAD (AFTENFE/MORGONFE) SOPRAN

Elisabeth Gimvestad er sopran, kjem frå Gloppen kommune og syng no rollene som Aftenfe og Morgonfe i *Hans og Grete*. Dette er ikkje fyrste gong Elisabeth er med i ei operaframsyning ved Opera Nordfjord; i 2013 hadde ho nemleg rolla som Ida i *Flaggermusen*, og i 2009 song ho på opningskonserten for Operahuset. Elisabeth har utdanninga si som songar frå Universitetet i Stavanger, musikkonservatoriet Santa Cecilia i Roma og har ein master frå 2017 ved Norges Musikkhøgskole. I tillegg til Opera Nordfjord har Elisabeth òg sunge i fleire produksjonar for Bergen Nasjonale Opera og for Oslo Operafestival. Elisabeth har drive med song, dans og teater frå ung alder, er i dag frilansar med base i Oslo og lagar blant anna eigne framsyningar og konsertar.

Hurra for Opera Nordfjord!



På vegne av OperaNorge er det en fryd å kunne gratulere Opera Nordfjord med nok en flott oppsetting, særlig nå når operahuset fyller ti år. I eventyret er Hans og Grete de modige barna som overvinne alle hindre og seirer til slutt, mens det er Kari og Michael som står for de store bragdene i det virkelige liv. For alle OperaNorges 20 medlemmer ser i undring og beundring til ekteparet Pavelich - hvordan får de det til, år etter år med fine operaforestillinger i eget hus?

Opera er grensesprengende og inkluderende og gir alle mulighet til å støtte opp om noe som utvider virkeligheten. Sjelden har vi sett et bedre eksempel på dette enn i Nordfjord. Kommune, fylke og stat har gitt trygge rammer og den enkelte innbygger har kunnet delta som publikummer

eller i direkte arbeid med produksjonene. Kunstnere fra fjern og nær har strømmet til stedet «der ingen skulle tru at nokon kunne byggje eit operahus». Gratulerer derfor med ti år i eget hus! Spesielt hilser vi til styret, administrasjonen, dugnadsgruppene og operaens venner. Alle bidrar med sitt, og hver og en er nødvendige for å få det til.

Takk for at dere lager så mye god musikk-dramatikk og ivaretar nynorsk som operaspråk. Takk for at dere er sjenerøse og inviterer inn mange nye operatalenter, og takk for at dere gjør opera til en spennende og tankevekkende opplevelse!

Alt godt ønskes fra OperaNorge!

Nicolai Riise
styreleder

OPERA NORGE

Operakoret

Alida Kobberstad
Ane Fitje Woxen
Eirill Dæmring
Evelina Sætren
Ida Bredesen
Iver Sølvberg
Jakob Helgesen
Kaisa Flaten Brekke
Karen Ueland
Karoline Løken
Maja Kvalsvik Haugen

Martin Skudal Larsson
Mathilde Dæmring
Nora Nyhammer-Taklo
Paris Chapela
Ronja Rye
Sol Alme Brendefur
Sunniva Dyrvik
Trym Endal Hauge
Tuva Nyhammer-Taklo
Uxama Chapela
Åsaliv Røgeberg

DANSARAR
Astri Åsebo
Eirill Dæmring
Elisa Nyhammer-Taklo
Emma Bjørhovde
Filippa Myrøld Haavik
Kristianne Pauline Holmøy
Kristine Marta Freimane
Maria Eimhjellen
Mathea Haukås-Skårhaug
Mia Melheim Espe

Nora Nyhammer-Taklo
Selma Pernille Gausemel Bjørlo
Tuva Nyhammer-Taklo
Victoria Eimhjellen

Ida Bredesen - Grete
Stian-André Hundeide – Hans

Operaorkesteret

Operaorkesteret er sett saman av distriktsmusikarar, musikk lærarar og musikkstudentar frå fylket vårt, samt frilansarar frå inn- og utland.

FIOLIN I
Stig Nilsson (konsertmeister)
Henri Eftevand
Øyvind Aspenes Robak
Magnhild Skomedal Torvanger
Narin Musayeva
Margrete Pettersen

FIOLIN II
Martin Schiessler
Otto Ose
Kari S. Pavelich
Oddhild Nyberg

BRATSI
Olga Pavlova
Agnes Elizabeth Pavelich
Simona Fras Johnsen

CELLO
Henrik Silfverhielm
Hans Holgersson
Ivan Smilovski

KONTRABASS
Steinar Haugerud
Aslak Skau

FLØYTE
Helga Lied Wyrzt
Rebecca Smilovski

OBO
Stein Jakob Nordbø
Christine Sandgrind

KLARINETT
Marita Elise Holme
Elisabeth Røgeberg

FAGOTT
Corinne Camillo
Magnus Bagge

HORN
Anita Andersson
Sonoko Ohmori Strømsnes
Asgeir Søfteland
Magnhild Tafjord

TROMPET
Per Håkon Sandnes Oftedal
Julia Gåsvær

TROMBONE
Ann Karin Wendelborg Ose
Leif Aslaksrud

TUBA
Eldri Rimmereid

HARPE
Ellen Sejersted Bødtker

SLAGVERK
Thomas Aanonlie
Andreas Bergset
Even Hembre
Ove Hjelmset

Organisasjon

STYRET I OPERA NORDFJORD

Leiar: Arve Espe
Nestleiar: Arne Sølvberg
Solfrid Bjørkum
Sonja Edvardsen
Grete Berntzen

Vara:
Magny Liv H. Myklebust
Roy Aron Myklebust

DUGNADSGRUPPELEIARAR

Kostyme: Anne Regine Sønderland
Kulissar: Truls Songstad
Hår/sminke: Berit Adelsten Engebretsen
Parkeringsuteområde: Per Bøen

Servering/vakt/garderobe:
Operaens Venner v/ Arve Espe, Randi Nyhammer-Taklo,
Monja Sølvberg, Tore Nyhammer-Taklo

STYRET I OPERAENS VENNER

Leiar: Arve Espe
Nestleiar: Eli-Karin Bergheim
Sekretær: Ragni Marie Strand Rasmussen
Kasserar: Kari Rogdo
Styremedlem: Randi Nyhammer-Taklo

ADMINISTRASJON

Operasjef/produsent: Kari Standal Pavelich
Kunstnarisk leiar: Michael Pavelich
Økonomisjef: Ranveig Årskog
Medieansvarleg: Vegar Heimsæter/Geir Bjørkedal Skårhaug
Grafisk produksjon: Veir AS



 /operavenner

Operaens Venner er ein veldedig medlemsorganisasjon som jobbar for å støtte opp om og skape engasjement og entusiasme for Opera Nordfjord.

Vil du bli ein av oss? E-post: arveespe@icloud.com eller tlf. 952 65 842



Dugnadsoversikt

KOSTYME

Adrian Haustveit Kronstad
Anne Britt Totland
Anne Kirsti Noste
Anne Regine Sønderland
Aud Fonn
Basma Alhelu
Birgit Båfjord
Björg Erviksæter
Borghild Pettersen
Britt Moa
Eldbjørg Helset
Heidi Bakke
Ingegjerd Heggen
Inger-Lise Strand
Inger-Marie Osmundsnes
Inger Øyre
Janna Muller
Lina Oos
Mohammed Qusai Almousa
Reidunn Solheim
Torill Tangenes
Unn Henden
Åse Holsvik

SERVERING/VAKT/ GARDEROBE

Agnar Kragseth
Anne Karin Rand
Anne Tove Thorsnes
Anne Åsebø
Anny Hellesø
Arild Hjelmeland
Arve Espe
Aud Haraldsen
Bente Eikås

Berge Bjørkedal
Bjørn Lien
Brit Eltvik Lien
Christine Tellevik
Egil Totland
Eli Karin Bergheim
Elin Skudal
Else Karin Lillestøl
Geir Leftdal
Gerd Fløde Bjørlo
Guro Hjelle Strømmen
Henry Løkling
Hilde Bjørneseth
Hilde Henriksen
Hildegunn Haugland
Inger Helen Haavik
Kari Flaten
Kari Hjelmeland
Kari Rogdo
Kristbjørg Sandvik
Lisbeth Taklo
Marie Espelund
Marit Dalset
Martha Kjøllesdal
Michelle Bruvoll
Monja Sølvberg
Nils Helge Løkling
Oddrun Erviksæter
Oddrun Rye
Ragnhild Totland
Ragni Marie Rasmussen
Randi Nyhammer-Taklo
Reidar Erviksæter
Reidun Løkling
Reidun Tryggstad
Roald Hanssen

Siri Sandvik
Solgunn Leivdal
Solveig Sandven Kjesbu
Svein Fjærtøft
Torbjørg Lefdal
Tore Nyhammer-Taklo
Toril Fjærtøft
Toril Taklo
Torill Kriken
Tormod Nilsen
Turid Sørland
Vidar Rasmussen

PARKERING

Alvin Drage
Bård Stian Dalseth
Erhard Martin
Erik Espelund
Frode Nord
Hans Petter Vereide
Helge Haugland
Jan Skogstad
Maria Dalseth
Nils Rune Nesbakk
Per Bøen
Rune Haugland
Steffen Sørland
Svein Erik Sørland

KULISSAR

Albert Muller
Anders Nordbø
Emanuel Sadorge
Hilde Heggen Haugland
Jørgen Bergset
Kjell Haugland

Leif Årskog
Odd Nyberg
Oddleiv Hauge
Per Oos
Pål Tore Jacobsen
Steinar Daviknes
Truls Songstad
Webjørn Moa

HÅR/SMINKE

Berit Adelsten Engebretsen
Birgit Båfjord
Ida Sølvberg
Kari Flaten
Mohammad Mousa
Randi Merete Haugland

VOLUNTØRAR

Camille Blandin
Jakub Hedera
Noa Goldfryd Sprukt
Sofya Mishchenko
Vasilis Raptotasios

SJÅFØR

Terje Heggen

HJARTELEG TAKK TIL ALLE VÅRE FANTASTISKE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR!

Ein spesiell takk til elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule for det gode samarbeidet:

VG2
INDUSTRITEKNOLOGI:

June Smørdal
Wahidullah Sherzad
Ardi Seltene Mehari
Isak Andre Rundereim
Alireza Hazareh
Preben Vereide
Martin Gjengedal Sjøstad
Johannes Norheim Myklebust

VG2 INDUSTRIELL
MØBELPRODUKSJON:

Alexander Søreide
Alexander Johansen
Haroon Hotak
Peder Andreas Bakke
Sunniva Melvær
Ibrahim Ali Ibrahim

VG2 INTERIØR OG
UTSTILLINGSDESIGN:

Leonora Ligia
Gudmundur Petur
Gudmundsson
Rasha Yasen
Anne-Grete Eikenes Hilde
Patrycja Kamila Wilk
Serife Yildiz
Benedikthe Drevdal Tverberg

LÆRARAR:

Bjarne Eriksen
Morten Bjørhovde
Mari-Janne Henden
Geir Hjelle
Sigrun Heggen Leivdal
Inger Marie Osmundsvåg

Operautstilling 2019
Kunstnar: Leif Alnes

Kulturhuset
Gamlebanken

Eidsgata 10, 6770 Nordfjordeid, Tlf. 952 65 842



EIN STOR TAKK TIL VÅR HOVUDSPONSOR SFE



Foto: Opera Nordfjord, Tommy Bræsen

LIDENSKAP
HERIFRÅ

Ein treng ikkje reise til Oslo, London eller Paris for fantastisk scenekunst. Lokal verdiskaping har vore viktig for mange scener og kultursalar i regionen vår.

Det gir ekte kulturopplevingar. Herifrå.





Opera Nordfjord

Vi ynskjer lykke til med framsyningane

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjere det saman – for saman gjer vi det betre.

#sammengjørvidetbedre



Scandic

NORDFJORD



Eid Motor AS
ØYANE - 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080

**WEST
MEKAN**

**ac
count
+or™**

Eid, Måløy, Selje,
Bryggja, Sandane,
Byrkjelo

NOMIL
NORDFJORD MILJØVERK

**Reklameservice®**
etablert 1985

Vest Auto

**10ÅR**
2009-2019
OPERAHUSET
NORDFJORD

**Eid Elektro**
www.eidelektro.no

Caverion

**EIKÅS**
TANNLEGESENTER



Man-Fre: 09.00 - 16.30
Lør: 10.00 - 15.00

**Hildenes Gartneri as**

Didriks
Kafé

Man-Fre: 08.30 - 18.00
Lør: 08.30 - 16.00

**CHATTIF**
sport

sport 1
ekte sport.

**China
Restaurant**

Almenningen 1,
Tlf: 57 86 25 99

REMA 1000

**SKOGSTAD®**

**NORDFJORD
KJØKKENET**

Nordfjord psykologkontor
6770 Nordfjordeid

 arkitektur konstruksjon landskap		minibakeriet	
		 Gåver - Gorn - Interior	 GÅVER - LAPPETØNNER - HUSKY
			
		 TLF. 57 86 08 09 FLYTAXI TLF. 57 86 05 00	
	 EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER	 <i>Bankkjellaren</i> BAR & GJESTESTOVE	
 frisør og hudpleie	 Opera Nordfjord støttar Rosa Sløyfe-aksjonen 2019 www.rosasloyfe.no		

TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR FOR STØTTE I MANGE GODE ÅR

	 SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	 Eid kommune
---	--	--

Julekonserten

DEN STORE

Frå Walt Disney til Jacob Sande


Michael Pavelich


Lise Granden Berg


Alexander Pavelich

Vakker julekonsert med solistar, kor og orkester

Dirigent: Michael Pavelich

Fredag 6. desember kl. 19.00
Laurdag 7. desember kl. 17.00
i Operahuset Nordfjord

Billetter: operanordfjord.no


SFE


Sparebanken
Vest



VEIR

operanordfjord.no